

# **VEDLEGG TIL SØKNADER I ULSTEIN OM KOMMUNALE STARTLÅN OG BUSTADTILSKOT FOR ETABLERING, TILPASSING OG PROSJEKTERING**

1. Avslag eller innvilging for søknad om bustadfinansiering i privat bank skal dokumenterast.
2. Arbeidsavtale/attest frå arbeidsgivarar med opplysingar om tilsettingsforhold, dvs. %-vis stilling, fast stilling eller vikarstilling, brutto ordinær lønn og eventuelt andre faste tillegg.  
Dersom inntekta er trygder/pensjonar må det leverast dokumentasjon (f. eks. vedtak frå NAV) som viser om ytingane er permanente eller tidsavgrensa til gitte tidsrom.
3. Dokumentasjon av inntekter for minst dei 3 siste månadene, dvs. lønnsslippar frå arbeidsgivarar og dokumentasjon/attestar frå NAV (og andre) med oversikt over månadlege trygder, som f. eks. barnetrygd, pensjonar, kontantstøtte, barnebidrag, arbeidsavklaringspengar (AAP) og liknande.
4. Skattemeldingar (med skatteoppgjer) for alle vaksne i husstanden for minst dei 3 siste åra.  
I tillegg skattemelding/framlegg til skattemelding for noverande år, dersom den eksisterer.
5. Opplysingar og dokumentasjon om all eksisterande lånegjeld, dvs. både pantegjeld og lausgjeld, f. eks. huslån, billån, studielån, forbrukslån/kredittkort, private lån m.m. Dokumentasjonen må vise saldo, låneutgifter per månad/terminbeløp (renter og avdrag med eventuelle lånevilkår), dato/tidspunkt/periode for dokumentasjonen, kven som er låntakar (fullt namn) og långivar.
6. Utskrift frå Gjeldsregisteret ([www.gjeldsregisteret.no](http://www.gjeldsregisteret.no)), ikkje eldre enn 1 veke ved søknadsdato.
7. Eventuell dokumentasjon frå lege/helsevesen, NAV, statsforvaltar, andre offentlege og private instansar og liknande med opplysingar om eventuell sjukdom, funksjonshemmingar eller andre forhold i husstanden av sosial og/eller økonomisk karakter, som kan ha betydning for søknaden. Dokumentasjon for om situasjonen er midlertidig eller varig – f. eks. ved skilsmisse (skifteattest), barnefordeling, barnebidrag, behov for tilrettelagt bustad, vergemål osv.
8. Legitimasjon av søkerane (f. eks. pass, førarkort, bankkort med bilde).
9. Personar som er innvandra til Norge, eller som ikkje er norske statsborgarar, må leve dokumentasjon/legitimasjon frå politi/UDI for godkjent opphaldsløyve/arbeidsløyve i Norge.
10. Personar omfatta av intoprogram må leve dokumentasjon for fullført/avslutta intoprogram.
11. Ved søknad om refinansiering av gjeld – dersom fare for tvangssal av bustad. Søkerane må først kontakte interkommunal gjeldsrådgivar (for tida plassert hos Hareid kommune) for avklaring av gjeldssituasjonen og mogleg gjeldssanering eller gjeldsordning. Uttale med dokumentasjon og oversikt for gjeldssituasjonen frå interkommunal gjeldsrådgivar skal leggast ved søknaden. Fare for tvangssal av bustaden må dokumenterast. Grunngi og forklar om bakgrunnen for søknaden og korleis eventuell refinansiering vil betre situasjonen for husstanden. Bruk om nødvendig eit eige brev som vedlegg til søknaden.
12. Ved kjøp eller utbetring av bustad – vis til konkret prosjekt for eigedom, opplys kva eigedom det gjeld (gnr./bnr. og adresse), med pristilbud, takstrappo, salsprospekt/teikningar, kjøpekontrakt (signert) og liknande dokument/utfyllande opplysingar, som vedlegg til søknaden.
13. Dersom søknaden gjeld *finansieringsbevis*, dvs. *førehandsgodkjenning for startlån*, er det ikke nødvendig å vise til konkret prosjekt eller eigedom, men opplysingar om søkerane sin sosiale, bumessige og økonomiske situasjon må dokumenterast på vanleg måte.
14. Ved refinansiering, utbetring og kjøp av brukt bustad må det ligge ved takstrappo (maks. 1 år gammal) frå godkjend takstmann, eventuelt verdivurdering frå eigedomsmeklar.
15. Ved utbettingsarbeid må det leggast ved pristilbod/-kalkyle over arbeidet, med oversyn over kva som skal gjerast og utbetrast for den konkrete eigedomen.
16. Ved tilpassingsarbeid må det i tillegg leggast ved dokumentasjon (f. eks. frå ergoterapeut) med forklarande samanheng mellom tiltaket og behovet/funksjonshemminga i husstanden.
17. Vedlegg skal følge søknaden i den grad dei er nødvendige og relevante for kvar enkelt søker.  
Nærare opplysingar kan fåast av bustadkonsulenten hos kommunen.

***Alle opplysingar i søknaden må dokumenterast. Vedlegga skal vere i pdf-format og lesbare.***

***Alle vedlegg skal vere komplette og ikkje berre delar av eit dokument. Det skal gå fram av dokumentet kven det er frå, kva det gjeld, kven det gjeld (minimum fullt namn) og når (dato). Oppgi kontaktinfo.***

Bustadkonsulenten, Ulsteinvik, 22.04.2021.

P:ULTeknisk/Bustadkontor/Startlån og bustadtilstok/Regelverk/Vedlegg til søknader i Ulstein om startlån og bustadtilstok...

Postadresse:	Telefon ekspedisjon:	Tlf. sakshandsamar:	Telefaks:	Organisasjonsnr.:
Postboks 143 6067 Ulsteinvik	70 01 76 00	70 01 76 08	70017601	NO 964 979 456 NO 971 28 882 m.v.a.